



Eiendomsmegler 1 Sr-Eiendom As Avd Bergen  
Postboks 1073  
5812 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1701 - 23/15091

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2023

## **Innvilga konsesjon til Lindås Industrier AS på gbnr. 108, bnr. 556 Veråsvegen 234 i Alver.**

**Administrativt vedtak: Saknr: 217/23**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i konsesjonslova § 9 jf. § 1 gjev Alver kommune konsesjon til Lindås Industrier AS for kjøp av den del av gnr. 108, bnr. 556 Veråsvegen 234 som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-område.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.**

**Vedtaket vert sendt ovr til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.**


### **Saka gjeld**

Lindås Industrier AS søker konsesjon på overtaking av del av gnr. 108, bnr. 556 Veråsvegen 234 som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-areal. Seljar er Goman Lindås AS.

### **VURDERING:**

Arealet i overdraginga som er godkjent regulert til anna føremål enn LNF, treng ikkje konsesjon jf. konsesjonslova § 4, 3.ledd. Arealet som konsesjons-søknaden gjeld, utgjer slik sett om lag 23 daa. Med unntak av ein mindre del er arealet vurdert som produktiv skog i gardskartet. Om lag 0,3 daa er registrert som busetnad med meir. Seljar er Goman Lindås AS – sjå fig. 1 neste side.

Eigedommen er utan bygningar.



10.10.2007 fekk Rognaldsen Bakeri AS fekk konsesjon på overtaking av gnr. 108, bnr. 556. Etter kva vi oppfattar vart R. Bakeri kjøpt opp av Goman Lindås AS som no er seljar. Alver kommune legg til grunn av dei interessene som konsesjonslova skal ta i vare, vart vurdert i denne konsesjonsrunden. Kjøpar har ikkje planar for eigedommen utover den bruk som er i dag. Arealet er avgrensa og ligg ikkje i tilknytning til andre landbrukseigedomar. Alver kommune kan ikkje sjå at dette skiftet av eigarhand skal ha negativ innverknad på dei interessene konsesjonslova skal ta i vare jf. konsesjonslova § 9.

Kjøpesummen er gjeve opp til kr. 10.000.000,-, men dette gjeld samla for heile eigedomen. Kommunen skal ikkje vurdere prisen jf. konsesjonslova § 9a.

Fig. 1. Grøn farge er prod. Skog i gardskartet. Rosa på 0,3 daa er busetnad m.m. i gardskartet.

Overdraginga kjem ikkje i strid med intensjonane i konsesjonslova § 9 der det i 3.ledd heiter at ein kan gje konsesjon til selskap med avgrensa ansvar (t.d. AS). Kjøpet kjem heller ikkje i konflikt med konsesjonslova § 1 slik kommunen ser det.

### Regelverk

- Konsesjonslova
- Forvaltningslova

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/1701»

Med venleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Eiendomsmegler 1 Sr-Eiendom As Avd  
Bergen  
Kurt Furnes

Postboks 1073

5812 BERGEN